

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 03.oktober 2022

Tidspunkt: kl. 1430 – 1600

Som medlemmer møtte: George Fulford, Arnljot Muren, Anne Holstad, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S30/22 – S37/22

Vedtakssaker:

SAK NR S30/22
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Saksbehandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S31/22
GODKJENNING AV REFERAT FRA FORRIGE MØTE

Saksbehandling:

Vedtak:

Referat fra forrige styremøte vart godkjend.

SAK NR S32/22
PERIODEREKNESKAP PR. 31. august 2022.

Rekneskapet pr. 31. august 2022
Kommentarar til rekneskapet ligg som vedlegg til saka.

Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd.

Møtebehandling:

- Resultatet er vesentlig dårligare enn budsjettert og har blitt forverra sidan perioderekneskapen pr 30. juni 2022. Årsaka til dette skriv seg i stor grad av dei betydelege meirutgiftene selskapet har fått siste år. Ein kan her nevne:
 - Betydeleg auke i drivstoffkostnader
 - Stor auke i innleige transport, bl anna auke i anbodet på transport av matavfall til Mjøsanlegget.
 - Auka varekostnader, der mykje kjem av forbrenningsavgifta på avfall som staten innførte tidlegare i år.
 - Rekneskapen er periodisert som normalt, men ferieavviklinga og redusert aktivitet innan fleire segment i perioden sidan 30 juni kan medvirke til forverra resultat i perioderekneskapen på fraksjonar.
 - Forsenka leveransar på levering av maskiner/utstyr, bl anna ny presselinje, som er ein konsekvens i markedet grunna krigen i europa. Dette fører til seinare inntening på investeringa enn planlagt.
 - Meirkostnader som ein fylje av auka arbeidsmengd, myndigheitskrav til utsortering av avfallsfraksjonar.

Vedtak:

Styret godkjenner rekneskapet pr. 31. august 2022.

SAK NR S33/22
PROGNOSE 2022

Kjende og sannsynlege avvik er tatt med i prognosen (med utgangspunkt i rekskapet pr. 31. august 2022). Avskrivingar er tatt fullt inn frå aktiveringstidspunktet.

Kommentarar til prognosen ligg som vedlegg til saka.

Prognosen pr. 31. august 2022 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Møtebehandling:

- Prognosen viser ikkje fullt ut forventa kostnader
- Det skal gjerast ei fornya vurdering av:
 - o personalkostnader
 - o evt andre kostnader/inntekter

Vedtak:

Styret tar prognosen til etterretning. Styret ber om at det blir fremlagt ny prognose til neste møte,

SAK NR S34/22
BUDSJETT 2023 OG GEBYRREGULATIV 2023

Møtebehandling:

- Utifra signal fra bankane bør ein auke rentesatsen til 4%
- Det er budsjettert med noko høgare løns og personalkostnader grunna ekstra resursar i drift og administrasjon samt drift av sorteringslinje for papp/plast. Generell lønsvekst er estimert til 3,5%. Styret ber administrasjonen kvalitetssikre tala for løns og personalkostnader. Generell lønsvekst på 3,5% kan synast noko lavt og ein bør vurdere å auke denne til 4,5%
- Myndigheitskrav og marknadssituasjonen aukar stadig kostnadene på enkelte fraksjonar (t.d. på behandling av farleg avfall og stadig nye og strengare krav til behandlingsanlegg). T.d. dyrare matavfall, utsortering av tauverk, strengare krav til utsortering av glas og metallemballasje, plast o.l..
- Styret ser det som nødvendig å øke hushaldningsgebyra for å unngå eit negativt sjølvkostfond i perioden framover, og foreslår 6% gebyrauke på hushaldning i 2023 . Dette må kvalitetssikrast ved utarbeiding av ny prognose. Sterk kostnadsauke på varer og tenester som t.d. drivstoff gjer det nødvendig å ta høgde for dette i budsjettet for kommande år. Dette gir og ein jamn gebyrauke i økonomiplanen.
- Styret ber administrasjonen kvalitetssikre budsjettala og legge fram eit revidert budsjett med endringane som kom fram i møtet til eit ekstra styremøte 10.10.2022 (på Teams)

Gebyrregulativet for 2023 blir laga når det er fatta endeleg budsjettvedtak.

Vedtak:

Styret tek orienteringa om budsjett og gebyrvedtak til vitande og ber om at det vert framlagt eit revidert budsjett med endringane som kom fram i møtet til eit ekstra styremøte 10.10.2022 (på Teams).

På neste møte vedtek styret budsjettet og gebyrregulativet for 2023 – med dei endringane som kom fram på møtet. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

SAK NR S35/22
ØKONOMIPLAN 2023 – 2026

Møtebehandling:

- Ønskelig med ein lav gebyrauke, men det betydeleg auka kostnadsnivået gjer det vanskeleg å unngå ein gebyrauke framover i perioden for å unngå at sjølvkostfondet vert redusert for mykje. Ein må ta høgde for varig auka driftskostnader i åra framover. Drivstoff, forventa lønsvekst, auka rentenivå og generell vekst på varer og tenester. Dette må gjenspeilast i gebyra. Styret foreslår difor gebyrauke i 2023 for å halde ei jamn utvikling i renovasjonsgebyret på hushaldning i økonomiplanperioden. Dette for å halde fram utan for store hopp opp eller ned og for å unngå at vi får eit negativt sjølvkostfond. Målet er heile tida nullgebyrvekst men uvanleg høg auke i driftskostnader inneværande år gjer det vanskeleg å unngå ein stigning i gebyr.
- Styret legg difor opp til ein gebyrvekst i 2023, med ei nedtrapping i gebyrsatsar vidare i økonomiplanperioden.
- Styret forventa rein relativt høg lønsvekst i 2023 (4,5%), men ein noko lavare lønsvekst vidare i økonomiplanperioden. Det samme gjeld for rentesatsane, der signala fra bankane er ein oppgang til 4% i 2023 og ein svak nedgang i rentesatsane vidare.
- Styret ber administrasjonen kvalitetssikre tala i økonomiplanen og legge fram ein revidert økonomiplan med endringane som kom fram i møtet til eit ekstra styremøte 10.10.2022 (på Teams)

Vedtak:

Styret tek orienteringa om økonomiplanen til vitande og ber om at det vert framlagt ein revidert økonomiplan med endringane som kom fram i møtet til eit ekstra styremøte 10.10.2022 (på Teams).

På neste møte vedtek styret økonomiplanen for 2023 - 2026 – med dei endringane som kom fram på møtet. Økonomiplanen blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

SAK NR S36/22
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Status Eidet
 - Sjå vedlegg til saka med status vedrørande oppfølging etter strategimøtet i Bergen
- Oppfølging etter strategimøte i Bergen
 - Sjå vedlegg til saka med status
- Status medarbeidarundersøkelse EBHR og prosessen vidare
 - Sjå vedlegg til saka med status vedrørande oppfølging etter strategimøtet i Bergen
- Personalsituasjon/sjukemeldingar
- Organisasjon
 - Status stillingar, utlysing ny stilling som driftsleiar for innhenting/miljøstasjonar
 - Sjå vedlegg til saka

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

SAK NR S37/22
Klagar på lukt fra omlastingshall

Ekstrasak som vart behandla i møtet:

Veterinærkontoret som held til på naboeigedomer har over tid klagt over det dei opplever som luktplager fra omlastingshallen for matavfall, samt at omlastingshallen tiltrekker seg fugl som kan opplevast å være til sjenanse. Veterinærkontoret hevdar at ulempene dei opplever fører til økonomiske konsekvensar for dei.

Det ble gjennomgått konkrete forhold veterinærkontoret meinte var mulig å gjennomføre for å minske luktplager.

Styret viste til skriftlig redegjørelse fra daglig leder, Det har over tid vore ein del kommunikasjon og møter rundt dette mellom SSR og veterinærkontoret og dagleg leiar har orientert styret om saksgangen.

Styret meinte administrasjonen har utført mykje arbeid for å redusere luktplager.

Vedtak:

Styret ber administrasjonen handtere denne saka vidare og utarbeide eit svarbrev til Veterinærkontoret.

George Fulford
styreleiar

Camilla Storøy
nestleiar

Margareth Leinebø

Anne Holstad

Arnljot Muren

Kjartan Grimstad

Bjarte Uglum

Arnstein Myklebust
Dagleg leiar